

Foto: Reuters / NTB scampix



SMITTA: Geovane Silva held sonen sin. Han er fødd med ei hjerne som ikkje er nok utvikla. Zika-viruset får skulda.

Ny helsekrise

● **3.700 babyar i Brasil er fødde med for små hjerner sidan i fjor. Ein liten mygg med eit virus får skulda.**

Geovane Silva frå Brasil held den vesle sonen sin. Hovudet til babyen er mindre enn det skulle vore. Guten er fødd med mikrokefali, ein feil i nervesystemet. Hjernen er ikkje nok utvikla. Mora vart truleg smitta med zika-viruset då ho var gravid.

3.700 babyar i Brasil er fødde med skaden sidan i fjor. Det vanlege er rundt 160 i året. Viruset spreier seg til fleire land. Måndag sa Verdens

helseorganisasjon at viruset er ei global krise. 4 millionar kan bli smitta det neste året. Fleire land må gjere noko for å stoppe viruset. Det er også blitt oppdaga i Danmark og i Sverige.

Det er inga vaksine mot viruset. Folk må heller prøve å unngå å bli biten av mygg. – Gravide bør vurdere å utsette reiser til område med zika, seier Tone Bruun til nyhendebyrået NTB. Ho er overlege ved Folkehelseinstituttet (FHI).

Cathrine Kahrs
cathrine@klartale.no

Ung brud kom til Noreg


ASYL: Minst 61 asylsøkarar under 18 år var gifte då dei kom til Noreg i fjor. Den yngste jenta var 11 år gammal. Ho kom til Noreg saman med ektemannen, melder kanalen NRK. I november kom ei 14 år gammal gravid jente til Noreg. Barnefaren blir etterforska av politiet.

Du blir ikkje rik av å vere arbeidsledig.

Les meir på side 3

Sperra veg for å stoppe gruve

MILJØ: Ungdommar frå organisasjonen Natur og Ungdom sperra vegen til Engebøfjellet i Sogn og Fjordane. Dei vil stoppe ei planlagd gruve. Restar frå gruva skal dumpast i fjorden. Dei unge blei fjerna av politiet.



SØKER: Jenny Sara Jacobsen leitar etter arbeid. Men det er harde tider i bransjen ho høyrer til.

På jakt etter jobb

● **130.000 kjem til å vere utan arbeid i Noreg i 2016. Jenny Sara Jacobsen er blant dei som leitar etter jobb.**

– Eg bør ha fått meg ein jobb innan sommaren, seier 33 år gamle Jenny Sara Jacobsen. Ho har ein mastergrad i medievitenskap frå Universitetet i Oslo. Frå september 2014 til oktober i fjor jobba ho i Bærum kommune. Ho arbeidde med kommunikasjon.

– Då praksis-perioden var over, kunne dei ikkje gi meg fast jobb, seier Jacobsen til Klar Tale.

Ho har søkt på ledige jobbar sidan då. Ho har truleg søkt på to jobbar i veka i snitt. Kvar dag står ho opp når vekkarklokka ringer. Så må ho begynne å leite etter stillingar.

– Eg tenker på det som ein jobb å søke jobb. Det skjer ingenting om eg berre heng heime. Og du blir ikkje rik av å vere arbeidsledig, seier ho. Det er mange som har det på same måte som Jenny. Rundt 130.000 folk i Noreg kjem til å vere utan jobb i 2016. Det trur Statistisk sentralbyrå (SSB).

– Vi reknar med ei arbeidsløyse på 4,6 prosent i 2016. Det er lite, samanlikna

med andre land i verda. Men det er meir enn vi er vande med i Noreg, sier Torbjørn Eika i SSB.

Oljen er mindre verd enn tidlegare. Det er noko av årsaka til at mange har måtta slutte i jobbane. Selskapa tener mindre pengar og må kutte kostnader. Og fleire må slutte i jobbane framover.

På Vestlandet jobbar mange med olje. Der var det 31.000 flere arbeidsledige i 2015 enn i 2014, ifølge avisa Bergens Tidene.

Irene Thoresen Rønold
irene@klartale.no

Foto: NTB scanpix



NAMN I NYHENDA

Juan Manuel Santos

● 64 år gammel og president i Colombia. Han kan vinne Nobels fredspris i 2016. Santos kan vinne saman med FARC-geriljaen dersom dei greier å få til ei avtale om fred, meiner ekspertar.

Fristen for å foreslå folk til fredsprisen gjekk ut måndag. Også varslaren Edward Snowden blei foreslått. Det blei også dei som har jobba for ei atom-avtale i Iran og greske øyfolk som hjelper flyktningar.

Nordmenn pågripne

KYPROS: Tre nordmenn blei pågripne av politiet på Kypros. Dei er mistenkte for å ville bortføre ei fire år gammel jente, melder avisa in-cyprus.com. Jenta sin far er norsk. Han er ikkje blant dei arresterte. Faren seier til kanalen TV 2 at mora bortførte dottera til Kypros.

Truar asylsøkarar

SVERIGE: Folk med høgre-ekstreme meiningar seier dei vil angripe asylsøkarar i Stockholm. Svenske styresmakter åtvarar derfor asylsøkarar under 18 år mot å gå ut. Dei blir bedde om å halde seg heime fredag og laurdag kveld, melder avisa Expressen.



Foto: NTB scanpix



FRED: No forhandlar dei om fred i Syria. Til høgre er Bashar al-Jaafari. Han leiår forhandlingane for regjeringa i Syria i Sveits.

Forhandlar om fred i Syria

SVEITS: Forhandlingane om fred i Syria er i gong. Dei skjer i Genève i Sveits. Fleire land er med. Også nokre av opprørs-gruppene i Syria deltar. Men dei mest ekstreme gruppene får ikkje vere med. Dei sameinte nasjonane leiår forhandlingane. 260.000 menneske er drepne i krigen i landet.

Ted Cruz vann det første valget

USA: Ted Cruz vann det første og viktige nominasjons-valget i USA. Delstaten Iowa valde Cruz framfor Donald Trump. Dei kjempar om å bli president-kandidat for Det republikanske partiet.

Cruz fekk 28 prosent av stemmene, skriv nyhendebyrået NTB. Trump fekk 24 prosent. Marco Rubio fekk 23 prosent. Mike Huckabee trekte seg frå kampen etter å ha fått berre 2 prosent.

Moines Register. Sanders fekk 49,54 prosent.

Martin O'Malley fekk berre 0,5 prosent av stemmene. Han valde derfor også å trekke seg.

Neste nominasjons-valg er i delstaten New Hampshire 9. februar.

Foto: NTB scanpix



KYSS: Ted Cruz og kona Heidi feira med eit kyss.

Det blei svært likt mellom Hillary Clinton og Bernie Sanders frå Det demokratiske partiet. Clinton fekk nokre få stemmer meir. Ho fekk 49,89 prosent, ifølge avisa Des

Ingvild Eilertsen
ingvild@klartale.no

MITT ORD



Foto: NTB scanpix

Frode Grytten er 55 år og forfattar. Han er aktuell med diktet «Til orientering». Grytten vart inspirert av ei ny asyllov i Danmark.

Sky forfattar

– **Kva er ditt favorittord?**

– «Kjærleik».

– **Kvifor likar du dette ordet så godt?**

– Fordi kjærleik er det viktigaste vi driv med. Og så kling det så fint.

– **Kva ord likar du ikkje?**

– «Sikkerhets-kontroll». Alt er gale med flyplassar. Du er i utgangspunktet ein terrorist, før ein stusseleg gjeng med vektarar har klarert deg på nedverdige vis. Sikkerhetskontroll er terrorismes einaste verkelege siger.

– **Kva er eit typisk forfattar-ord?**

– «Prestisjetungt».

– **Kva ord beskriv deg best?**

– «Sky». Ingenting å gjere med det, ingenting. Eg er sky.

Du kan lese diktet «Til orientering» på klartale.no

Braut ryggen i ulykke

ULYKKE: Komikar Espen Eckbo braut ryggen i ei bilulykke. Bilen han satt i, kolliderte med ein annan bil. Det skjedde i ein tunnel i Italia før helga. Eckbo blei operert for skaden.

Fekk kritikk for Årets Spellemann

MUSIKK: Elektronika-artisten Kygo blei Årets Spellemann laurdag. Juryen er for oppteken av kven som er mest populær blant folk, seier kritikarar. Dei meiner Susanne Sundfør burde ha vunne i staden. Berre tre kvinner av 33 prisvinnarar er kåra til Årets Spellemann.


FILM



Ein traktor som bestevenn

» Gustav er på sommarferie på landet med familien sin. Der får han ein ny bestevenn, nemleg den vesle traktoren Gråtass. Men ei grådigg geit og ein konkurranse om å ha dei beste grønnsakene øydelegg for idyllen. «Gråtass - gøy på landet!» har premiere fredag. Filmen passar for alle.

Foto: NTB scanpix



UTE: TVNorge viste «I kveld med Ylvis» ute på storskjerm i Oslo denne veka.

Kanalar blei borte

TV: Éin million kundar får ikkje lenger sjå på TVNorge og 12 andre kanalar. Discovery har ikkje blitt samd om ei ny avtale med Canal Digital. Discovery eig kanalar, mens Canal Digital leverer kanalar ut til folk. Striden handlar om kor mykje kanalane skal koste.